


# Varderekkja over Sognefjellet

The line of cairns  
across Sognefjellet



Varderekke med Smørstabtindane i bakgrunnen. Foto Ola Gjeilo/Visus.  
Cairn line with Smørstabtindane behind.



Vinteruta mot vest, med Fannaråken i bakgrunnen. Foto: Magnus Snøtun.  
Winter route with Fannaråken in the background.

I hundrevis av år har folk vandra frå varde til varde over Sognefjellet. Medan varderekja tidlegare var livsviktig for at folk skulle finne fram, er ho i dag eit viktig kulturminne.

Varderekja over Sognefjellet var ferdsselsåra mellom Lom og Luster før bilvegen kom i 1938. Vardane står her den dag i dag, og minner oss på kor viktige dei var for fjellvandrarane. Dei står tett slik at du ikkje mistar dei av syne, sjølv i tett skodde.

Vardane er bygde opp av stein som fanst i nærleiken, og ofte er dei markerte med ein solid staur som stikk opp i midten, høgt over varden. Om vinteren var islagde vatn den enklaste ferdsselsåra, difor finst det ei vinter- og ei sommarrute.

Over 300 vardar er registrerte på dei 16 kilometrane mellom Krossbu og Turtagrø. Dette er eit verdifullt kulturminne som ikkje må rørast. Det er også viktig at det ikkje blir bygd nye vardar. Ved å la rekkja stå urørt kan vi fortsette å gå over Sognefjellet langs denne ruta.

People have been crossing the Sognefjell mountain area from cairn to cairn for hundreds of years. The line of cairns was once vitally important to help people find their way; now it is an important piece of cultural heritage.

The line of cairns across the Sognefjell mountain area was the “highway” from Lom to Luster until the motor road was built in 1938. The cairns still stand, to remind us how important they were for the people crossing the mountains. They stand close together, so that you can always see the next, even in misty weather.

The cairns were made of stones found close by, often with a solid post sticking high up from the top. In winter, ice covered lakes were the easiest route, so there were different routes for winter and summer.

More than 300 cairns have been recorded in the 16 kilometres between Krossbu and Turtagrø. They form a valuable piece of cultural history that must not be disturbed. It is also important that no new cairns are built. As long as the cairns stay undisturbed, we can continue to use them to cross Sognefjellet.